


Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

Nr. 1 februar/mars 2001



Frå misjonær Atle Jøssang si bok
«Vinder blåser dit den vil» med bi-
lete frå Bolivia. Les på side 4 om
kristenrussen si innsamling til
jordbruksprosjekt i Bolivia.



Det me har.....

Godt Nyttår ! Det nye året er ung endå. Sume har store planar ved starten på eit nytt år. Det kan vera å slutta og røykja, slanka seg eller søkja ny jobb. Me vonar at noko av dette lukkast. For dei fleste av oss går dagar og veker stort sett som før, og kan henda er dette like greitt.

Når dette vert skrive har me nyleg hatt Vingardssundagen. Preiketeksten var ei likning om Himmelriket. Me høyrde om ein husbond som tidleg på dag leiga arbeidrar til vingarden sin og vart samd med dei om løna. seinare hyrde han meir folk til ulike tider utover dagen.

Då dei så skulle få løn fekk dei siste først, og dei fekk det same som han hadde lova dei som først kom i arbeid. Dei som hadde arbeidt lengst venta då å få meir, men nei, dei fekk berre det dei hadde vorte lova, ikkje noko meir. Dette fortalte oss då at i himmelen kjem alle til å verta stilte likt, både dei første og dei siste. Men det minner oss og om avundssjuka. Det er så lett for at me misunner andre som har høgare løn, finare hus og finare bil m.m.

Eg har tidlegare sitert Gammel-Dag Bjørndal i Trygve Gulbranssen sine bøker "Bakom synger skogene". No kjem eg i hug noko unge Dag ein gong sa etter at han hadde overteke på Bjørndal. Det var vår i bygdene eit år, med lite og dårlege avlingar. Mange stod i stor gjeld til Dag Bjørndal og skulle betala årleg renter. Denne hausten gav Dag bod om at dei skulle sleppa å betala noko dette året.

Ein dag kom det så ein kar og ville snakka med han. Det var slik at grannen hans hadde dobbel så stor gjeld til Dag, og han hadde såleis fenge ettergjeve dobbelt så mykje rente. Dette lika han lite. Då sa Dag Bjørndal "Veit du kva du har hatt på lasset heile den lange vegen heimanfrå ?" Det visste ikkje mannen. " Det er noko du skal ta deg i vare for, det heiter avundsjuke. Gjev du deg inn på det får du ikkje ein glad dag i livet ".

Dette la seg på minnet hjå meg. Kan henda er det slik at me burde prøva å setja meir pris på at me er den me er, og vera meir nøgde med det me har. Med det meiner eg ikkje at me skal godtaka direkte urett mot oss. Men kan henda får me betre dagar om me set meir pris på det og dei me har kring oss dagleg.

I dette nr. finn du m.a. eit intervju Sturle Litland har hatt med ein av Kristenrussane i Hordaland, Tor Inge Reigstad. Madli Hannisdal har skrive om fellesmøte i Gjerstad kyrkje 9. des. i samband me Aksjon Håp. Du finn og referat frå fellesmøtet for alle sokneråda og kyrkjeleg tilsette. Og du finn gudstenesteplan. Andakten er ved Alf R. Kal lestein.

VIL DU LYTTE

Kirkens SOS starter nytt innføringskurs for frivillige medarbeidere. Kurset går over 10 torsdagskvelder. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten. For å bli medarbeider må du være 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeideren skal ikke finne løsninger eller «gode råd».

Velkommen til et godt fellesskap og meningsfull tjeneste!

Ring Kirkens SOS tlf. 55 32 58 45 på dagtid
eller 90 53 23 20 kveld og helg.

Peter vårt forbilde?

Mange meiner at kristendommen er abstrakt og vanskeleg å forstå. Den er også lite praktisk og til lite hjelp i det daglege liv. Alt skal liksom tolkast åndeleg.

Men når vi møter Peter i dei ulike samanhengar i Bibelen, får vi eit heilt anna bilet av kristendommen. Peter viser oss at livssamfunnet med Jesus fungerer heilt på det menneskeleg og konkrete plan. Peter gret sine modige tårer når han forstod at han hadde gjort noko galt og viser såleis dei same kjenslene som oss alle når vi er i ein vanskeleg situasjon.

Før hanen gjel i natt, skal du fornekte meg tre gonger.

Og han gjekk ut og gret sårt. (Luk. 22. 61)

Sjølv om Peter gjorde mange feil og ikkje alltid heilt forstod Jesus, hadde han ein stor plass i Jesu hjarta. Jesus seier : Du er Peter, og på dette berget vil eg byggja mi kyrkje.. Matt. 16.19

Peter var heilt klår over sitt tilhøve til Jesus. Han forstod han hadde fått ei stor oppgåve, men viste ei underleg framferd, som ikkje akkurat avslørte at han var ein Guds tenar. Døme på hans merkeleg åtferd er følgjande :

I Getsemane seier Peter : Om så alle vender seg frå deg, skal eg aldri gjera det. (Matt. 26: 33. Om eg så lyt døy med deg, skal eg ikkje fornekta deg. (Matt.26.35

Peter nekta atter og svara: Eg kjenner ikkje denne mannen.(Matt.26.72

Kan vi ha ein slik person som forbilde ?

Vi kjenner oss igjen i Peter når det gjeld trostyrke, løgn og uærleg framferd. Men samstundes forstår vi at det er tilgjeving for ein som angrar. Peter sin gråt var ein angrande gråt. Vi skal også få gråte når Jesus rører ved vårt samvet og vi kjenner oss redde og fortvila. Det er eit faktum at vi ikkje alltid får det til som kristne. Då kan vi lære av Peter. Han mislukkast ofte, men var likevel alltid i nærleiken av Jesus og fekk råd og veiledning av han.

Det er ikkje noko overnaturleg og mystisk ved det å vera ein kristen, men kort og godt dette at Jesus vil ta i mot oss og bruke oss slik som vi er.

Det vi heile tida må passe på – som Peter- er å vera i nærleiken av Jesus og leve i livssamfunnet med han. Songaren seier det så vakkert:

Styrk da vår tro. Tenn håp i vårt sinn,
Fyll hjerte med kjærlighet varm.
Så går vi frimodig i tjenesten inn
i ly av din utstrakte arm.

Alf R. Kallestein.

ADRESSELISTE FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OSTERØY PRESTEGJELD

Kyrkjeleg fellesråd;

Leiar: Norvald Vedå
Nestleiar: Oddmund Vevle
Johannes Melve
Wenche Fiskesteth
Gyda Tveiten Lewis
Tor Lone
Alf R. Kallestein
Enni Revheim
Oddvar Hannisdal

Soknerådsleiarar;

Bruvik: Wenche Fiskesteth
Haus: Marit Skjeldal
Gjerstad: Roald Hauge
Hosanger: Sturle Litland
Hamre: Brit Vevle Raknes

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve
tlf: 56 39 00 11 (prestebustad)
Kapelan Brigt S. Skeie
tlf: 56 39 31 00 (prestebustad)
Trefftider på **kyrkjekontoret**:
Tysdag 9-14, onsdag 9-12 og fredag 9-14.

Organistane:

Liv Skoglund tlf: 56 39 26 64
(heime).
Kåre Rivenes, tlf. 56 39 06 26
(heime).

Kyrkjekontoret

(tidl. lensmannskont.) Tlf.: 56192280
Fax: 56192281
Direkte innval:
D.L. Kristen Stang: 56 19 22 71
Sek. Mikal Toska: 56 19 22 72
S.p. Johannes Melve 56 19 22 82
Kap. Brigt S. Skeie 56 19 22 83
Kan. Kåre Rivenes 56 19 22 85
Org. Liv Skoglund 56 19 22 84

Redaksjonsnemnda:

Kristen Stang
Sokneprest Melve
Olav Meltvik
Øyvind Vevle

Utforming:
Ostringen Reklame

Engasjert ungdom:

Kristenrussen - ein pådrivar for internasjonalt solidaritetsarbeid?

**I mange år har kristenrus-
sen engasjert seg i misjons-
og bistandsprosjekt i den
tredje verda. Slik også i år.
Du har kanskje alt møtt dei
der dei gjekk rundt med
Boliviabøssene sine i Ber-
gen? Ikkje lenge etter Tva-
ksjonen, og nesten i kon-
kurransen med "Aksjon
håp" driv dei altså ein inn-
samlingsaksjon. Kva er det
som driv dei?**

v/Sturle Litland

Me har teke ein prat med ein av Kristenrussane i Hordaland, Tor Inge Reigstad frå Valestrandsfossen.

Kvífor driva innsamlingsarbeid til Bolivia? Det må då vera meir freistande å nyta fritida til å sjå på Hotel Cæsar?

-Det er sjølv sagt fint å bruke fritida til å gjere noko nyttig, og å hjelpe andre. Samtidig er jo det mykje meir sosialt, utfordrande og artig enn å sjå på fjernsyn!

Kva vil du seja om levekåra for folket i Bolivia og i Tinguipaya-provinsen?

-Mykje av pengane kristenrus-
sen samler inn skal gå til jord-
bruksprosjekt. Landbruket er
ganske umoderne og utnyttar
landbruksområda dårlig. Eit
meir moderne og meir effektivt
landbruk er nødvendig for at


det aukande matbehovet i landet skal bli dekka i framtida. Bøndene må og produsere meir for å få ei rimeleg inntekt. Forbetring av beiter til sauene, større saueraise, betre såpoteter og bygging av drivhus er nokon av tiltaka for å betra levekåra til bøndene i Bolivia. Drivhus og grønsakdyrkning er og nødvendig for å betre ernæringa til folket.

Dei hygieniske forholda er heller ikkje gode nok. Kristenrussen støtter og eit drikkevassprosjekt. I tillegg skal det byggjast utedo og innbyggjarane skal opplystast om viktigheten av god hygiene.

Utdanningsnivået i landet er ikkje tilfredsstillande ennå. Det er framleis mange som er analfabetar. Så det er mykje som må gjerast for at innbyggjarane i Bolivia skal få tilfredsstillande levevilkår. Og som sikkert alle har fått med seg; me i Vesten er nødde til å dele av vår overflod og kunne unnvære ein del materielle goder for at verden skal bli rettferdig. Enkelt sagt, men langt ifrå så enkelt å dele overfloda!

Kvífor valde de ut akkurat Bolivia og Norsk Luthersk Misjons-samband som mål for innsamlingsaksjonen i år?

-Krussen støtter forskjellelege misjonsorganisasjonar kvart år og i år var det altså Norsk Luthersk Misjonssamband sin tur.



Me ville gjerne kombinere hjelpearbeid med evangelisering, og Norsk Luthersk Misjons-samband sitt teltmakararbeid i Bolivia passa utmerket. Dette er eit område som treng økonomisk hjelp frå vesten for å få ein akseptabel levestandard. I tillegg vert mange omvendte til kristendommen. Bolivia er eit land som no er i rask endring!

Dei innsamla pengane skal gå til to ulike prosjekt: Eit til å støtta evangeliseringarbeid, og eit landbruksprosjekt, som også er støtta av NORAD. Kva inneber det at NORAD har valt å kanalisera utviklingshjelp gjennom ein misjonsorganisasjon?

-NORAD femdoblar misjonsorganisasjonane sitt bidrag til utviklingshjelp. Altså; for kvar

krone du gir til eit NORAD-støtta prosjekt, gir dei fire kroner til. NORAD støtter altså landbruksprosjektet til Norsk Luthersk Misionssamband. Det er misjonen som står for gjenomføringa av prosjektet, medan NORAD gir det meste av pengane.

Utviklingsarbeid skal p.r. definisjon vera hjelp til sjølvhjelp, der tiltaka skal vera berekraftige og skapa vidare utvikling. Trur du misjonen kan dette fåget?

-Ja, Norsk Luthersk Misjons-samband har arbeid i Bolivia i 20 år og kjenner befolkningen og behova deira. I tillegg driv organisasjonen med liknande arbeid over heile verda.

Kan me vera heilt sikre på at pengane ikkje hamnar i lomme-ne på korrupte makthavarar?

-Norsk Luthersk Misjonssam-

band har mange medarbeidarar i landet og driv dei forskjellige prosjekta sjølve. Så eg kan svare ja på det spørsmålet.

Folk er vel snart leie av alle innsamlingsaksjonane. Kva slags reaksjonar har de møtt når de går rundt med bøssene?

-Dei aller fleste gjer oss eit smil, enten dei gir pengar eller ikkje. Me har og fått tilbake-meldingar på at det er positivt av russen bruker tid på å samle inn pengar til veldedige formål.

Korleis er planane for aksjonen vidare framover, i tillegg til å ta mot kyrkjeofringar?

-Me skal på turne i vinterferien (veke 10), og håper på å samle inn mykje pengar da. Elles skal me selje den fantastiske avis som Kristenrussen i Hordaland skal gje ut. Me har og givarte-neste for elevane i tredje klasse på vidaregåande skular.

Kvífor er du med i Kristenrus-sen?

-Russetida skal vere ein litt sprø avslutningsfest av 3 år med vidaregåande skulegang, men som kjent fører den vanvit-tige rusbruken til mange negati-ve konsekvensar. Eg har derimot valt å feire på ein positiv måte, der Gud står i sentrum i staden for alkoholen.

Samtidig har kristenrussen som mål å stille opp på fester for å vise eit alternativ. Nokon treng kanskje nokon å snakke med, og da er det fint om det er no-kon edrue personar tilstades. Russetida treng altså ikkje vere ei tid for fyll og bråk, den kan derimot vere ein hyggeleg av-skjedsfest med gode venner i eit rusfritt og kristent miljø!

Frå «Dagen» 3. november 2000 har redaksjonen saksa nokre avsnitt frå

Samboerskap er ikke «ekteskap ligt»

v/Kenneth Dalaker

Samboerskap er forbilledlig i den forstand at når folk lever i det, lærer de opp neste genera-sjon til det samme. Dermed er det en skole for den oppvoksende slekt til ikke å ta ansvar i mellommenneskelige forhold, men velge letteste vei. Det fører til oppløsning og til manglende opplevelse av tilhørighet. Dermed mister man evne til lojalitet, fordi vi har lojalitet der vi føler at vi hører hjemme. Samboerskap er ikke "prøveekteskap".

Mange blir lurt av tanken om at det er lurt å prøve hverandre og forholdet ut før man gif-ter seg. Men statistikken viser at skilsmisse-prosenten blandt de som går fra samboer-skap (og altså har prøvet ut forholdet) til ek-

teskap er langt større enn de som går rett inn i ekteskap. Jeg tror årsaken er enkel : Ekte-skap er en ordning som har utgangspunkt i ansvarlighet. Ekteskap er en institusjon der man har overgitt seg til hverandre på livstid – i gode og onde dager, inntil døden skiller. Selv om følelsene er medvirkende til valg av ektefelle så er det ikke det stabile bærende element i forsettelsen av samlivet, for det kan gå opp og ned. Det som holder ekteska-pet og familien sammen er løftet om trofast-het og kjærighet. Ekteskapsløftet er en pakt. Vielsesattesten representerer en juridisk be-skyttelse mot lettint å gå fra hverandre i vanskelige tider. Vi lover å elske hverandre i gode og onde dager. Det er et uttrykk for uselvsk og betingelsesløs kjærighet

Nytt frå:

Kyrkjeleg Fellesråd

Osterøy Prestegjeld v/ dagleg leiar Kristen Stang

Godt Nyttår:

Ja,- det ønskjer vi alle våre lesarar. Eit Godt Nyttår ønskjer vi også for heile den kyrkjelege verksemda på Osterøy. Rett nok var året 2000 noko heilt sær med «Milleniumsfeiring» på mange vis og på mange plan. År 2001 treng likevel ikkje ligge så langt etter. Kan hende vert det ikkje fullt så mykje feiring og fest, men til gjengjeld vonar vi at mykje praktisk arbeid kan gjerast. Vi har i alle høve god von om at det året skal verte starten på ein periode kor ein etter kvart skal råde bot på det forfallet som diverre etter kvart har synt seg kring om på kyrkjebygg og eigedomar. Den vona vi nemnde i førra kyrkjebladet om samarbeid med kommunen om ekstra medel til vedlikehald ser no ut til å gå i oppfylling. Kvart av dei tri første åra framover vil det verte teke opp ekstra lån på kr. 600.000,- til dette føremålet.

Summen kunne sjølv sagt vore større, for det er mange og djupe hol som skal fyllast, men med god fornuft og varsemd vonar vi at dette skal synast på ei god og positiv vis kring om i sokna. Vi vonar også at vi skal få til ein grei kombinasjon av friviljug og profesjonell arbeidsinnsats. Her vil vi nemne litt om kva vi har planar om å få gjort kring om i sokna. Om ikkje alt kan gjerast første året, har vi som nemnt tri år på oss i høve til tiltaksplanen.

Bruvik:

Slik vi skriv i førra nr. av kyrkjebladet er det aller meste gjort ferdig av det utvendes arbeidet med måling og reparasjon, men til våren reknar vi i alle høve med at alt skal verte klårt. Frå tidlegare er det også planar om større ombyggingar både av naust og borgstove. Det har vi nok framleis ikkje tilstrekkeleg medel til, men ein del oppussing må det verte ei råd med. På kyrkjegarden vil vi gjerne også få til ei opprydding. Når det gjeld brannvern har vi pålegg om montering av ekstra ljós ved utgongsdørene, og brannslangar framme og bak i kyrkja. Dette vil vi starte opp med så snart som råd er.

Gjerstad:

Sist haust var det stor dognadsinnsats med måling av kyrkjenkene, men noko står framleis att. El-

les fekk Gjerstad kyrkje som den første av kyrkje- ne på Osterøy ei ljøsglobe, som no etter kvart er vorte meir vanleg å ha kring om i kyrkjene, og som Johannes Melve orienterte nærmare om i førra nr. av kyrkjebladet. Det er no også montert gelen- der på kvar side av trappetrinna opp i koret. Til alle utlegg til dette som no er nemnt er det nytt medel som soknet har motteke fra ymse gjevarar. Utvendes er det no trøng for måling av kyrkja, og det reknar vi å få med mellom opprustingstiltaka i denne bolken. På kyrkjegarden har det synt seg å vere god bruk det feltet som no er omlagt til ny bruk. Til våren vil vi også syte for oppmåling av nabofeltet. Også i Gjerstad manglar ekstra ljós ved utgongene og brannslangar, som må kome snart på plass.

Hamre:

Her treng kyrkja til utvendes tjøring, særleg på sol- og vindssida er der nokså tørt. På brannvernsida er der også her pålegg om montering av brannslangar i våpenhuset og i sakrestidelen, mens naudljosanlegget alt er på plass. Når det gjeld brannvarsling arbeider vi allereie med å få montert ei større sirene, samstundes som vi også ønskjer å montere direkte varsling til brannvesenet. Når det gjeld anlegget elles på Hamre med borgstova, prestebustaden og naustet må nok rehabiliteringsplanane utgreiaast over tid, men først gjeld det no å stogge vidare forfall, og særleg gjeld dette prestenaustet. Neste steg vert så å få sett bygga i så pass stand at dei kan nyttast til bruk. Til sist gjeld det så å få sett bygga i fullgod stand, slik desse prektige bygga eigenleg bør vere. Her må ein nok i alle høve ta tida til hjelp, men målet bør vere å få til brukbar stand med det første.

Haus:

Haus kyrkje treng også utvendes måling, og her bør ein heller ikkje dryge for lengje. I fjar vart orgelet opprusta, og flaumljoset kom også omsider i stand att. Nett no har ein også fått på plass naudljosanlegget, men brannslangar vantar. I år vonar vi også at kyrkjelydshuset kan verte fullt ferdig med det som trengs av innreiing og tekniske installasjonar. Kyrkjelyden i Haus har jo allereie gjort ein kjempeinnsats med bygginga.

Hosanger:

Til jubileet i 1996 gjorde kyrkjelyden ein stor innsats med oppussing og utvendes måling, men tårnet vart ikkje teke den gongen. No treng særleg tårnet, men også ein del av kyrkja elles svært til måling, som vi vonar å få til snart. Planane for omlegging av nordre delen av kyrkjegarden har vi arbeidt med lenge, men no er prosjektet også godt kjent av kommunen, og vi reknar med byggjestart tidleg i vår. Det er sikkert ein del andre ting som treng til å vølast, og så langt tida og pengane rekk vil vi gjerne gjere vårt beste. Kyrkja sine eigedomar på Osterøy er ein verdefull skatt som fortener all mogleg god innsats for å haldast i hevd.

—Tysse bedehus—

V/Olav Meltvik

Frå 1917 og utover ser det ut til å ha vore indremisjonsforeining på Tysse. I 1930 åra låg truleg arbeidet nede. På haustparten i 1943 hadde Frelesesarmeén ein møteserie i bygda som førte til vekking, og ein veneflokk vokste fram. Det var Alfred Moen, Jens Teigland, Spjøtvoll og Bjørndal m.fl. som var Herrens såmenn den gongen.

Tysse Indremisjon sette seg tid-

her var det lite plass til parkering. Ny tomt vart innkjøpt i 1976 i utkanten av eit nytt byggefelt.

Arbeidet på tomta kom i gang i 1978. Støyting og muring av kjellarhøgda vart gjort på dugnad våren og sumaren 1979. Råbygget vart oppsett hausten 1979 av byggmeister Rød. Innreiingsarbeidet vart gjort dels med leigd hjelpe, men mest på dugnad. Tysse Indremisjon fekk her god hjelpe hjå andre in-

har her vore barnehage i smååselen i 2. etasje. Det vert drive søndagsskule i bedehuset, det har og vore drive yngsteslag og barnekor og speidararlag, men dette arbeidet ligg nede no.

Eit rom i kjellaretasjen innreia ungdomane til ungdomsrom. Huset ligg lunt og fint til med utsyn over fjorden og bygda. På to sider er der skog og utmark. Huset vert nytta til møteaksjoner og småmøte.

Saman med Fotlandsvåg Indre-



leg som mål å byggja bedehus i Tyssebygda.

Bedehusforeining vart skipa på nyåret i 1944. Dei tok straks til med innsamling av midlar. Flittig hekling, brodering og strikking av gevinstar til basarar og utloddningar. Foreningsmøta var rundt om i heimane. Når her kom talarar var det oftast skulehuset som vart nytta. Misjonsstemner, basarar og større samkomer var i Tysse ungdomshus.

Tysse Indremisjon hadde først ei tomt i sentrum på Tysse, men

dremisjonslag på Osterøy.

Huset vart teke i bruk til 17.maifeiringa i 1981. Nesten 40 år etter at innsamlinga til bedehus starta vart bedehuset vigsla 25. april 1982. Vigslina vart gjort av Johan Åsgård frå Nordhordland Indremisjon. Hovudtalar var Ole Abel Sveen frå Vestlandske Indremisjon. Hjellvik musikklag og Ingunn og Alv Magnus Tysse medverka med song og musikk.

Det var innreia til barnehage i kjellaretasjen, men hausten 1982 leiga Osterøy kommune denne etasjen til skule. Siste åra

misjon eig og driv Tysse Indremisjon Radio Osterøy. Arbeidet i radioen vert gjort på frivillig dugnadsinnsats, der også mange frå andre indremisjonslag på Osterøy gjer ein stor innsats.

Avdøde Lars Nøttveit var leiar i Tysse Indremisjon i over 30 år. Elles har Magne Ekanger, Alv Magnus Tysse og Odd Bjørn Tysse vore leiarar. Noverande leiar er Odd Bjørn Tysse. Den som har leia bedehusforeininga lengst tid er Else Tysse.

—Aksjon håp—

Misjonskveld i Gjerstad kyrkja med besøk av afrikanske songarar

V/Madli Hannisdal

(Santalmisjonen sin representant i komiteen).

Laurdag 09. desember blei ein minnerik kveld for dei mange frammøtte. Kyrkja var om lag fullsett av misjonsfolk frå heile

Osterøy, både unge og eldre. Misjonskvelden var eit felles arrangement mellom dei ulike ytre-misjonsorganisasjonane som deltok i Akson Håp-innsamlinga på Osterøy.

Som musikalske gjestar denne kvelden hadde vi med oss ei gruppe av familien Nhonzi frå

Leif Magne Ådlandsvik
frå Santalmisjonen



Kongo; far og fire flotte ungdommar. Det blei ei musikalsk oppleving som mange av oss seint kjem til å gløyma. Utan mikrofonar og med enkle instrument fyllte dei vakre stemmene kyrkjeroemet. Tekstane var både på afrikansk og norsk som inneholdt eit sterkt og sjeldant budskap om korleis dei har opplevd Guds kjærleik. Borna i familien hadde på underfull vis blitt berenga ut av borgarkrigen sine herjingar i Kongo, på flukt gjennom jungelen, der dei opplevde at Gud held si hand over dei og bevarte dei. Medan foreldra var på eit kort besøk i Norge i 1996, braut borgarkrigen ut i landet, og vegen innatt til landet var stengt. 8 barn var tilbake i landet utan foreldre. Det gjekk 6 lange månader i Norge med uvisse og utan kontakt med borna, dei visste ingen ting om dei var i live eller var blitt drept av krigen sine grufulle herjingar. Dei hadde kun Gud å setja si lit til.

Det utrulege underet skjedde at etter halvanna år fekk foreldra alle borna sine velberga til Norge. Det var ei historie som gjorde eit djupt og sterkt inntrykk på oss som var tilstades, men også den takksem som dei gav uttrykk for over den omsorg og den måten dei har blitt ivaretakken på i Norge. Dei hadde og laga ein "velsigning-song" til Kongen og Hans hus som rørte ved mange av oss. Fleire av oss tenkte nok i vårt indre: Det er godt at det finns flyktningar og asyl-søkjarar som opplever å bli varmt motteken i Norge.

Me hadde og med oss UK/UV sitt kor denne kvelden som gledde oss med fin song, og ei

AKSJON HÅP

gruppe tidlegare medlemmar frå koret stilte og opp og gav eit flott song-innslag. Leif Magne Ådlandsvik frå Santalmisjonen (no Normisjon) held ein inspirande og engasjert misjonstale. Elbjørg Hølleland (leiar for komiteen Aksjon Håp på Osterøy) som har vore ute som mi-

sjonær for Misjonsalliansen i Bolivia og Ecuador leia kvelden saman med Brigt Sigve Skeie som har vore misjonær i Japan for Det Norske Misjonsselskap. Ei særskilt takk til PYM (Pinsevännenes Ytremisjon) og Misjonsalliansen som inviterte familien Nhonzi til Osterøy, og

som var med og gav oss ein misjonskveld som blei både til inspirasjon og velsigning.

Eit flott misjonsoffer blei og gitt til Aksjon Håp. Og på Osterøy kom det inn ca. 140000 på børsene den 10. des. Takk til alle dykk som gav, og ei særskilt takk til alle som stilte som



Hjelp unge i Brasil til ein ny start.

Kirkens Nødhjelp støttar mange tiltak mot vald i Brasil. Felles for alle prosjekta vi støttar er at dei har som mål å gje ungdom tilbake sjølvtilletten og trua på eigne krefter.

Ta godt i mot bøsseberarane tysdag 3. april.

Du kan også gje 100 kroner ved å ringja 820 43 033 eller nytta giro 110.



KIRKENS NØDHJELP
Saman for ei rettferdig verdi



Velkommen til kyrkja

KYRKJESKYSS

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Roald Hauge	tlf: 56 39 45 07
Astrid Mæle	tlf: 56 39 02 06
Marta Gjerstad	tlf: 56 39 20 31
Turid Njåstad	tlf: 56 39 24 59

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skysen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.

*Marta Gjerstad
Gjerstad sokneråd*

Kyrkjesskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast pr. telefon:

Berit Torp	56 39 03 59
Bjarte Mjelde	56 39 04 64
Einar Johnny Selvik	56 39 43 37
Inger Margrethe Litland	56 39 01 17

Kyrkjesskyss
til Hosanger
frå Tysse,
ring
Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

- 18.februar Kristi forklæringsdag. Matt.17,1-9.**
- | | |
|--------------------|---|
| GJERSTAD kl.11.00. | Familiegudsteneste. Melve. Dåp Utdeling av biblar til femteklassingane. Takkoffer til Bibelmisjonen. Kyrkjekaffi/-saft. |
| HOSANGER kl.11.00. | Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av Godt nytt til femteklassingane. Takkoffer til Bibelmisjonen. |
| BRUVIK kl.16.30. | Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Godt nytt til femteklassingane. Takkoffer til Bibelmisjonen. |
- 25.februar Sundag før faste. (Fastelavnssundag) Luk.18,31-43.**
- | | |
|--------------------|--|
| HAMRE kl.11.00. | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til KRIK – Kristen idrettskontakt. Dåp. Tomasmesse. |
| GJERSTAD kl.19.00. | |
- 28.februar Oskeonsdag. Matt.6,16- 18.**
- | | |
|----------------|--|
| HAUS kl.19.00. | Fastegudsteneste. Melve. Nattverd. Fastesupper i kyrkjelydshuset etterpå. Årsmøte i kyrkjelyden. |
|----------------|--|

4.mars 1.sundag i faste. Matt.4,1-11

- | | |
|--------------------|---|
| HOSANGER kl.11.00. | Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Sjømannsmisjonen. Dåp. |
| GJERSTAD kl.19.00 | Lovsongskveld. |

11.mars2.sundag i faste.Matt.15,21-28.

- | | |
|------------------|---|
| HAMRE kl.11.00. | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon. Dåp. |
| BRUVIK kl.19.00. | Gudsteneste. Melve Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |

18.mars3.sundag i faste. Luk.11.,14-28.

- | | |
|--------------------|--|
| GJERSTAD kl.11.oo. | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Misjonsalliansen. Årsmøte i kyrkjelyden. |
| HOSANGER kl.11.00. | Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet Årsmøte i kyrkjelyden. |

25.marsMaria bodskapsdag. Luk.1,26-38.

- | | |
|--------------------|--|
| HAUS kl.11.00. | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |
| HAMRE kl.11.00. | Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte i kyrkjelyden |
| GJERSTAD kl.19.00. | Ung Messe. Konfirmantane deltek. |

1.april 5.sundag i faste.1.Mos.22,1-13.

- | | |
|-------------------------|---|
| BRUVIK kl.11.00. | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelag resurssenter for mishandla kvinner. Årsmøte i kyrkjelyden. |
| HOSANGER kl.11.00. | Høgmesse. Skeie. Natt verd. Takkoffer til KRIK. Årsmøte i kyrkjelyden |
| TAKVAM KAPELL kl.16.00. | Jubileumsgudsteneste i høve 75 års jubileet. |

8.april Palmesundag Joh.12,1-13.

- | | |
|--------------------|--|
| GJERSTAD kl.11.00. | Familiegudsteneste. Takkoffer til Ungdomsarbeidaren i Osterøy |
| HAMRE kl.11.00. | Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Ungdomsarbeidaren i Osterøy |

12.april Skjærtorsdag. Matt.26,17-29.

GJERSTAD kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd.
 HOSANGER kl.19.00. Nattvergdudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kir
 kens bymisjon
 BRUVIK kl.19.00. Nattvergdudsteneste :Melve.

13.april Langfredag. Matt.26,30-27,50.

HAMRE kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Skeie.
 HAUS kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Melve. Nattverd.

PS. Julekonserten som Fot
 landsvåg Musikklag sto for i
 Hosanger kyrkje den 19.12.
 vart det teke opp kollekt til
 Kirkens Nødhjelp, og det
 kom inn **kr. 3101,-**.

14.april Påskeaftan. Kol.3,1-4.

HAMRE kl.23.00. Påskennattsgudsteneste. Skeie. Melve.

15.april Påskedag. Matt.28,1-8.

HAUS kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer
 til Kirkens bymisjon, Bergen
 HOSANGER kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer
 til Normisjon.

16.april 2.påskedag.Luk.24,13-35.

BRUVIK kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Santal
 misjonen.
 HAMRE kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kris-
 tenrussprosjektet i Bolivia.
 GJERSTAD kl.19.00. Lovsongskveld. Nattverd.

Gudstenesteplan

Osterøy prestegjeld har to prestar og ein organist i 100% stilling og ein i 70% stilling i tillegg har prestegjeldet ein lek gudstenesteleiar. Det normale for Osterøy prestegjeld har til no vore at Hamre og Hosanger har hatt gudsteneste annankvar sundag, medan Haus, Gjerstad og Bruvik har hatt tredjekvar sundag. I denne ordninga har det elles vore teke omsyn til spesielle hendingar i dei ulike sokna, slik at turnusen ikkje har vore fylgt til kvar tid. I Haus ogt Gjerstad har det vore gudstenester oftare enn tredjekvar sundag somme tider. Særleg gjeld dette Gjerstad som har hatt ein god del «spesialgudstenester». For høgtidene har Haus hatt gudsteneste 1. joledag, 1. påskedag og 2. pinsedag. Gjerstad har hatt 2. joledag, 2. påskedag og 1. pinsedag. Tidlegare har Haus hatt 2. påskedag og Gjerstad 1. påskedag. Bruvik kyrkje har ikkje hatt fast gudsteneste i høgtidene, men alle kyrkjene har gudsteneste jolaftan. Bruvik har hatt gudsteneste

Skjærtorsdag. Hamre har hatt 1. joledag, 2. påskedag og 2. pinsedag, Hosanger har hatt 2. joledag, 1. påskedag og 1. pinsedag. Hamre har hatt påskennattsgudsteneste og Hosanger midnattsmesse nyårsaftan.

I planen vil me ta omsyn til at prestane får fri ein sundag pr. månad. Med ein del ettermiddags-/kveldsgudstenester frå før, er det ikkje lett å få dette til. Men kan ikkje sjå anna utveg enn å reduse ra talet på gudsteneste, dersom me skal laga ein plan som let seg gjennomføra.

Me vil at talet på ordinære gudstenester skal vera:

Bruvik:	20
Hamre:	25
Haus:	21
Hosanger:	24
Gjerstad:	23

I tillegg har det i åra 1998 og 1999 vore 13-15 andre gudstenester i Gjerstad, 2-6 i Hamre, 2-7 i Hosanger, 2-3 i Bruvik og 5-8

i Haus. Dette er skulegudstenester, lovongskveldar, samtalegudstenester og liknande. Desse gudstenestene vil me halda på framleis, slik at planen ikkje legg hindringar i vegen for dei.

Høgtidene:

Jola vil me ha stort sett som no. Påsken 2001 vert som før, men frå 2002 kan det vera aktuelt å sjå heile prestegjeldet samla slik at det vert færre gudstenester og turnus for dei ulike kyrkjene på dei ulike dagane. Påskennatt vert likevel fast i Hamre. I pinsen vil dei ulike kyrkjene skifta på gudstenestene. Helgetorsdag er det berre ei gudsteneste i prestegjeldet.

Årsmøte i kyrkjelydane.

Haus	28. februar.
Gjerstad	18. mars
Hamre	25. mars
Bruvik	1. april
Hosanger	1. april

Familie-nytt



HAMRE:

Døypete:

03.12 Joakim Hordvik Lohne
03.12 Tristan Ruud Vikane
03.12 Håvard Mjelstad
07.01 Synne Andrea Bolstad
07.01 Agnetha Selstø Greve
07.01 Kristin Tveiterås
07.01 Benjamin Skage Grinde

Vigde:

02.12 Andreas E.S. Eikeland og Randi N. Vemmelvik (i Seim krk.)

Gravlagde:

17.11 Lene Riise (f. 1981)
11.01 Gunhild Hårklaau (f. 1914)
25.01 Jens Flæsland (f. 1918)

HOSANGER:

Døypete:

12.11 Matias Nese Langeland
19.11 Simon Andreas Ekanger Johnsen (i Gjerstad)
26.11 Victoria Bjørnseth Tysse
14.01 Sofia Litland Eckblad
14.01 Håvard Vesterheim

HAUS:

Døypete:

12.11 Simen Sakstad Bruvik
12.11 Joachim Pedersen
12.11 Lene Birkeland Elvik

07.01 Cassandra Gjøvåg Stokke
07.01 Helena Catherine Torp

GJERSTAD

Døypete:

01.10 Malin Birkeland
19.11 Simon Andreas Ekanger Johnsen
19.11 Sanne Lone Mathisen
19.11 Dorte Ingunn Mjøs
26.12 Jens Martinus Rød
26.12 Lars Einar Njåstad
26.12 Andreas Hansen Bruvik
26.12 Mia Lisa Pettersen
21.01 Erik Bakken
21.01 Yngve Bjørnseth Revheim
21.01 Steffen Rød Låstad
21.01 Torstein Skjerping

Gravlagde:

09.11 Signe Eriksen (f. 1913)
21.11 Elida Solberg (f. 1904)
08.12 Valborg Vedå (f. 1915)
12.12 Johannes Skistad (f. 1911)
19.12 Brita Revheim (f. 1911)
20.12 Jan Audun Skjerping (f. 1959)
04.01 Lisa Bertine Kallekleiv (f. 1911)
18.01 Kamilla Vik (f. 1908)

BRUVIK

Døypete:

03.12 Kristoffer Roald Vikne
03.12 Tina Iren Aspevik
03.12 Vilde Berentsen Vassdal

Gravlagde:

03.01 Karl Hekland (f. 1918)

Trondenes kirke, Harstad

Vigde:

10.06 Rune Vesterheim og Ingunn Marie Rød

STATESTIKK FOR OSTERØY PRESTEGJELD 2000 (tala i parantes frå 1999).

	Bruvik	Haus	Gjerstad	Hamre	Hosanger	Totalt
Gudstenster	23 (23)	24 (29)	42 (40)	35 (33)	34 (32)	158 (157)
Gudstenestedelt.	1.298 (1.218)	2.643 (3.097)	4.482 (4.363)	3.678 (3.451)	2.676 (2.601)	14.777 (14.730)
Nattverdgjester	114 (155)	318(392)	734 (935)	556 (487)	292(251)	2.014(2.220)
Døypete	9 (3)	16 (24)	25 (16)	34 (23)	20 (18)	104 (84)
Vigde	4 (1)	7 (6)	1 (8)	7 (6)	6 (7)	25 (27)
Konfirmantar	9 (8)	24 (14)	22 (21)	30 (30)	18 (11)	103 (84)
Gravferder	3 (4)	7 (5)	24 (21)	12 (14)	17 (19)	63 (63)
Innmelde	0 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (1)	0 (0)	1 (1)
Utmelde	0 (2)	1 (2)	4 (3)	1 (4)	1 (3)	7 (14)
Ofringar	24.175 (25.495)	47.220 (55.104)	105.290 (91.237)	57.573 (62.347)	45.177 (41.000)	279.435 (234.224)



På kyrkjebakken

Prostidagen år 2001.

Set av 17. mars til prostidagen.

Den tek til kl. 10.00 med gudsteneste i Austrheim kyrkje leia av Egon Askvik og Alversund Kammerkor. Det vert formiddagskaffi og opening av prostimøtet før Hans Olav Tungesvik har foredrag over emnet "Kvar vart det av det gode livet?" Etter middag vert det årsmelding frå prostirådet før Tungesvik fortset med oppfølging av formiddagens foredrag. Det vert høve til spørsmål og samtale. Dagen er open for alle og ein ynskjer at så mange som råd møter. Prostirådet oppfordrar sokneråda til å dekka utgiftene til den som reiser.

Hamre sokneråd.

I samband med årsmøtet er soknerådet takksame for innspel til oppgåver soknerådet kan arbeida med i året som kjem.

Ta kontakt skriftleg eller munnleg med Erik Eikeland, 5281 Valestrandfossen. Telef. 56394545. Eller Brit Vevle Raknes, 5281 Valestrandfossen. Telf. 56394286. Eller kom i kyrkja. Du kan også ta kontakt med nokon av dei andre soknerådsmedlemmene.

Kyrkjeheising.

På fellesmøtet på Gjerstad la redaktøren fram rekneskapen for bladet. Også siste året gjekk bladet med eit lite overskot. Dette er takka vere dykk som sender bladpengar og gåver, hjarteleg takk til dykk alle.

Redaktøren stilte og spørsmål ved om ein skulle prøva å få annonsar inn att i bladet. Dei som hadde ordet gav uttrykk for at det var godt å få lesa eit blad som var utan annonsar. Me gjev også høve til lesarane å senda oss si mening om dette.

Påskefrukost i Haus kyrkje.

Haus sokneråd har de siste årene stelt til fellesfrokost i Haus kyrkjelydshus før gudstjenesten 1. påskedag. Vi vil, da dette har blitt særskilt godt mottatt, stelle til i år også. For meg er 1. påskedag som kristen, årets viktigste dag. Det er en merkelig dag. Andre dager kan jeg være trett om morgenon og ha lyst til å forlenge oppholdet under dyna, men 1. påskedag er det som om jeg er fyllt av ny kraft. Kristus er oppstanden!

Turen hjemmefra ned til kyrkjelydshuset for å stelle i stand måltidet grytidlig er ubeskrivelig. Hausbygda ligg så totalt stille og fredelig. Inntet rører seg, og det klare morgenlyset speiler seg i et speilblankt Mjeldavatn.

Når vi så sitter i fellesskap rundt frokostbordet som kristne brødre og søstre, er gleden og fellesskapsfølelsen til å ta og føle på. "Prikken over i en" er å kunne gå sammen etter måltidet til gudstjeneste. Å høre de kjente og kjære påskesalmene er like herlig hvert år. Halve gleden ved å oppleve noe godt, er å dele dette med andre. Derfor oppfordrer vi alle som vil. Kom og del gledene med oss! Ta med familien og møt opp til påskefrokost. Frokostbordet er dekket fra kl. 09.15 til 10.15. Av hensyn til innkjøp av maten ber vi interesserte gi oss et lite ord innen onsdag i påskeuken.

Påmelding kan gis til soknepresten i Haus på tlf. 56390011 eller til Marit Skjeldal på tlf. 56390051. Velkommen!

Einar J. Selvik.

Nytt kyrkjekontor:

Det aller meste er no kome i orden på kyrkjekontoret. I neste nr. av Kyrkjeheising vil vi lage ein nærmere reportasje om korleis vi har innretta oss, og disponert plass og utstyr. Det vil nok framleis gå ei tid før alt har gått seg fullt til med kontortider og samarbeidsrutiner, men ein ber om at alle no merkar seg at prestane sine treffetider i prestebustadene no vil verte avløyst av felles treffetider på kyrkjekontoret, sjå side 3. Desse tidene gjeld så langt som det er mogleg, men graferder og anna kan nok føre til at tidene må skiplast. Skal du difor vere heilt sikker på å treffen presten er det kan hende best å ringe på førehand. Merk deg no at det også er høve til direkte innval på kyrkjekontoret, sjå side 3.



—Fellesmøte for— sokneråd og tilsette

v/Olav Meltvik

Laurdag 20. januar var det Gjerstad sokneråd som var vertskap for den årlege samlinga som går på omgang mellom dei 5 sokneråda i Osterøy prestegjeld.

Kl. 10 samlast me til morgonsong i Gjerstadkyrkja. Denne samlinga vart fint leia av sokneprest Melve og kantor Kåre Rivenes. Det er alltid fint å vera med på slike samlingar der me alle deltek i både lesing og song og bøn.

Etterpå køyrdet eller gjekk me til Skistad bedehus. Der ynskte soknerådsleiar i Gjerstad, Roald Hauge, oss velkomme.

Hovudprogramposten og tema denne dagen var **ungdomsarbeidet**, slik det også er det i Bjørgvin Bispedøme sitt langtidsprogram for perioden 2000 – 2003. Der er born og ungdom det viktigaste satsingsområdet. Undervisningskonsulent Marianne Bergsjø Gammelsæter var hovudinnleiar.

Saman med 4 ungdomar frå U/K og U/V opna ho med musikk til eit tema om skattar og perler. Alle fekk utdelt kvar si perle som me skulle halda på og tenkja på ein ungdom på Osterøy.

Ungdomane er menneske som er skapte av Gud, elска av han, og døypte inn i våre kyrkjelrar. Det handlar om Jesus og Gudsriket. Perlene er ungdomane på Osterøy. Gud oppfordrar

oss sterkt til å tenkja på ungdomane våre. Det er viktig at me klarar å få dei til å oppdaga evangeliet og dei skattar me kan finna der.

Marianne Bergsjø Gammelsæter sa m.a. vidare: Konfirmanttida er viktig, den bør vera mest mogeleg meiningsfull. 90 % av ungdomane på Osterøy



Roald Hauge overrakte ein blomebukett til Marianne B. Gammelsæter

Intervju

Dei fire ungdomane vart intervjua om ungdomsarbeidet på Osterøy. Dei hadde ikkje fenge tilbod om leiaropplæring. Dei gav og uttrykk for at det kunne vore greitt om litt eldre ungdomar var saman med dei. Fint om dei kunne fenge litt meir opplæring. Dei nemnde og at konfirmantfestane var kjekke. No er det vanskeleg å få fleire ungdomar med. Dei kunne tenkt seg og vore innom på ungdomskulen for å fortelje om dei kristne ungdomskora, men på ungdomskulen får dei ikkje lov til evangeliesering.

konfirmerer seg. Det er og viktig at dei får møta unge kristne som kan fortelja om trua si. Viktig at kristne får møta andre kristne, og at kyrkjelyden bed for dei unge. Me må prøva å sjå ungdomane med Jesus sine augo. Me bør kjenna naud for konfirmantane. Me må og ha tilbod til konfirmantane etter konfirmanttida. Her er viktig med leiarkurs. Utfordra dei som har noko i seg til å gå vidare. Få med seg litt meir kristen kunnskap, ei samling kvar månad med ungdom saman med ein vaksen.

Det trengst unge leiarar



Det trengst unge leiarar, og dei bør kjenna seg ivaretekne. Me må inkludera dei, dei må vera med i samanhengen. Det er kjekkast å gjera ting ein er god til. Det trengst ofte fleire vaksne til ulike oppgåver. Me treng mangfald, ein møteplass for leiarane, ta opp ulike tema som ungdom er opptekne av. **Born og ungdom er ikkje berre framtida, dei er og notida.** Ikke mange unge møter til gudstenestene. Her har me eit kommunikasjonsproblem. Konfirmantane bør ha oppgåver i gudstenesta, dei bør og få ansvar for Ung Messe-Drama.

Me må tenkja alle. Kva med ungdoms Alphakurs ? Me må vera villige til å bruka oss sjølve i eit kristent fellesskap. Det er ofte viktig med vaksne vgleiarar vaksne sitt nærvær. Me må ha fleire rusfrie tilbod til ungdom. Viktig å be.

Barnearbeidet bør vera mest mogeleg lokalt, men ungdomsarbeidet kan vera meir sentralt.

Gruppearbeid

Me vart så sette saman i grupper, med personar fra fleire ulike sokner. No skulle me koma med stikkord om mål og utfordringar i ungdomsarbeidet.

Her nemner me kort nokre av framlegga : Fleire personar inn i konfirmant – arbeidet. Tilsetje kateket. Fadderordning. Personleg kontakt. Oppfølging.

Inkluderande kristent ungdomsmiljø. Ta vare på dei som er med. Felles arrangement. Oppsökjande konfirmantarbeid.


Ungdomsarbeid tidlegare enn i konfirmanttida. Utvikla leiarar mellom unge og litt eldre. Få til samlingar frå fleire sokner og bygdelag. Leiarkurs. Alpha-kurs. Våg å tenkja store tankar, våg å vera dristige.

Marte Reigstad Clausen (t.v.), Ingrid Mosevoll, Stig Hammer og Ingrid Sæterstøl.


Me hadde ein matpause under vegs der me fekk god betasuppa, god kaffi og velsmakande kaker. Oddmund Vevle frå Kyrkjelag Fellesråd opplyste at dei hadde løyvd kr. 1.000,- til U/K – U/V. Marte Clausen takka frå koret. Roald Hauge overrekte ein blomebukett til Marianne og takka for den inspirasjon ho hadde gjeve oss. Me var 34 personar samla denne laurdagen. Der var god plass til fleire, og me oppmodar flest mogeleg av soknerådsmedlemmar og kyrkjelag tilsette til å få med seg desse årlege samlingane. Dei gjev oss god inspirasjon til arbeidet vidare.

Nysnø i måneskin

Fullmånen skin over snødekte børar,
skogen er kvitkledd kvar buske og grein.
Når trea er våte før enn det snøar
finn snøen feste på tunnaste tein.



Fura og gran i vinterkledd bunad,
greinene bøyar seg ned i mot jord,
ruskeveret i går tok ein snunad
då vinden spakna og kom i frå nord.



Marka hev fenge eit teppe som lunar
mot frostkalde netter og dagar på rad,
mjukt og lett som av kvite dunar
vernar det alt over frostnæme stad.

I tusen krystallar det strålar og blenkjer
frå stjerneklår himmel og fullmåne rund.
Eg står her og nyt det eg ser, og eg tenkjer
at vinteren og kan ha herlege stund.

Landskapet kring meg i kvitkåpa glansar
med stjernstrådd himmel til tak.
Eg takkar for helse og sansar
og ruslar mot tunet i mak.



Olav Meltvik.

